

Språknytt

Teiknspråk i skulen

side 18





Leiar

Alle barn trenger språk

Å **LÆRE SPRÅK** er livsviktig, enten man er döv eller hørende. En fersk rapport fra NTNU samfunnsforskning konkluderer med at vi som samfunn ikke greier å gi tegnspråklige barn en god nok oppvekst. Det er et stort problem.

Selve forklaringen på problemet er ikke så komplisert. Døve og hørselshemma barn har en lovfesta rett til tegnspråkundervisning. Men å ha rett til undervisning er ikke nok. De trenger også et miljø å bruke språket i, et tegnspråklig fellesskap. Det får de færreste på nærskolen sin, rett og slett fordi det er for få tegnspråkbrukere der. Det bidrar til at elevene faller utenfor, både faglig og sosialt.

Mange døve og hørselshemma har hatt det bra på døveskoler. Slike skoler sikrer både et fagmiljø for tegnspråkopplæring og et godt tilbud til elevene. Da de statlige døveskolene ble nedlagt i 2011, forsvant en viktig opplæringsarena for tegnspråk. Noen steder har opprettholdt et eget skoletilbud for hørselshemma barn, for eksempel kommunale Vetland skole i Oslo. Det er bra for de barna som har dette tilbudet. Men også elever utenfor de største byene må få muligheten til å utvikle tegnspråket sitt. De må få slippe å være de som er annerledes og strever med å få med seg det som skjer, absolutt hele tida. Når de færreste foreldre i dag ønsker å sende barna sine på internatskole, er det derfor ekstra viktig at tegnspråklige elever får samles regelmessig.

Vi trenger en bedre koordinering av tilbudet til de tegnspråklige barna våre. Dagens ansvarsdeling mellom kommunene og det statlige støtteapparatet er ikke god nok. Det går ut over barna, og det kan vi ikke være bekjent av. Vi vet hva tegnspråklige barn trenger. Nå må vi gi dem mer av det.

Åse Wetås
direktør i Språkrådet

Innhold
3 | 2018

- 3 Nye medievanar
- 5 Språkbrukaren
- 6 Intervjuet



- 10 Språk under panseret
- 13 Sats på språk i næringslivet!
- 14 Skitt fiske
- 16 Lengre eller lenger enn langt?
- 17 Med andre ord
- 18 Integreringsas pris



- 23 Svorsk helt på grensa
- 26 Språk og litteratur hand i hand

- 31 Nyord
- 32 Klipp
- 33 Lesarspørsmål
- 36 Historia bak



Foto: Giu Vicente via Usplash

Nye medievanar

Barn og unge har endra medievanane sine dei siste åra. Dei bruker medium aktivt og flyttar seg mellom ulike digitale plattformer: visuelt, verbalt, interaktivt – og ofte på engelsk.

AV ERLEND LØNNUM

UNDERSØKINGA MEDIEBARN 2018 ved Kantar TNS viser at barn møter mindre norsk på dei nye medieflatene enn i tradisjonelle mediekkanalar. Norsk er dominerande når barn ser TV-program, anten det skjer lineært, via

opptak eller strøyming. Men når dei ser korte videosnuttar på YouTube og liknande tenester, dominerer engelsk.

Også i dataspel blir det brukt mykje engelsk. Om lag førti prosent av norske barn

ser korte videosnuttar dagleg, medan om lag tretti prosent bruker tid på spel dagleg. Reknar ein inn nedgangen i lineær TV-sjåing, som har vore dominert av norskspråkleg innhald, ligg det difor nær å konkludere med at barn samla sett blir eksponerte for mindre innhald på norsk enn tidlegare.

Strøyming populært

Speling på data og ulike konsollar har tradisjonelt vore eit felt dominert av unge brukarar. Det er gutar som bruker mest tid på spel, signifikant meir enn jamaldra jenter.

Samstundes føretrekkjer unge nordmenn videotenesta YouTube når dei skal sjå levande bilete. Også her bruker gutar meir tid enn det jenter gjer. Ei anna viktig endring er framveksten av strøymetenester som Netflix og HBO. Norske barn bruker i dag meir tid på å sjå strøyma innhald og TV i opptak enn dei bruker på tradisjonell lineær-TV, og frå 2017 har den daglege bruken av lineær-TV gått kraftig ned, samstundes som bruken av TV i opptak og strøyming veks.

Den tradisjonelle, lineære TV-sjåinga er eit svært viktig domene for norsk språk, med tunge aktørar som NRK og TV2. For å oppretthalde den sterke posisjonen til norsk språk ser det ut til å bli avgjerande at desse aktørane lukkast med overgangen frå lineær TV til strøyming og TV i opptak.

Rapport frå framtidsutvalet

Unge mediebrukarar er eit av mange tema i ein rapport frå framtidsutvalet, som blei oppnemnt av Språkrådet i fjor haust. I rapporten, som blir ferdig i november, drøftar medlemmene i utvalet dei viktigaste tiltaka for å sikre at norsk språk er i bruk på alle samfunnsområde i framtida:

Har det skjedd endringar i samfunnet vårt dei siste ti åra

som fører til at ein bør oppdatere og justere verkemidla i språkpolitikken? Korleis ser situasjonen ut for norsk språk dei neste ti åra – og kanskje enda lenger fram?

Når det gjeld medievanar, ser utvalet òg nærare på tema som norsk mediespråk i ein internasjonal mediekvardag, ny språkteknologi og nasjonale og nordiske utfordringar.

Seminar om barn og medium

Mediebruken til unge menneske var òg tema for seminaret «Barn og medium. Historieforteljing og medverknad på ulike plattformer», som Språkrådet og Norsk barnebokinstitutt arrangerte i september. Kva for moglegheiter finst for aktørar som vil formidle gode historier til barn og unge?

På seminaret diskuterte representantar frå kultursektoren kva dei nye medievanane har å seie for språkbruken, teknologiutviklinga og verkemidla i språkpolitikken. Dei blei mellom anna utfordra til å seie meininga si om kva for politikk Noreg bør føre for å sikre god kvalitet i det norskspråklege kultur- og medietilbodet til barn og unge.





Spar utropstegnet til utrop

UTROPSTEGNET STÅR I EN særstilling blant skilletegnene, da det har som sin primære funksjon å betone det som uttrykkes. Som navnet tilsier, brukes det først og fremst ved utrop. Dessuten brukes det ved befallinger, ønsker og tiltaler. Tegnet er ment å etterlikne tonen i muntlig språk. Når en skjønnlitterær forfatter skal gjengi nyansene i en dialog, er det derfor uvurderlig. Også i uformell skriftlig kommunikasjon med et visst muntlig preg er det ofte naturlig å bruke det.

Hvis bruken av utropstegnet hadde vært begrenset til slike sammenhenger, hadde jeg ikke hatt noen problemer med det. Mange synes imidlertid at det er nødvendig å bruke tegnet også i mer saksorienterte ytringer. En slik bruk har jeg aversjon mot, av to grunner.

Den første grunnen er at tegnet i rent informative setninger som regel ikke tilfører noe informasjon, det bare gir det som er skrevet, et skjær av alvor. Hvis man ønsker å formidle noe som det er avgjørende at mottakeren får med seg, kan utropstegnet forsvares, men det må spares til de tilfellene der det virkelig trengs, ellers svekkes det.

Den andre grunnen er at en overdreven bruk av utropstegn signaliserer en grunnleggende mistillit mellom språkbrukere – det

er som om en ytring uten utropstegn i utgangspunktet tolkes som uvesentlig, uærlig eller ironisk. Da går det inflasjon i bruken av tegnet, og før man vet ordet av det, har man satt utropstegn etter annenhver setning i teksten.

Til og med i faglitteratur dukker utropstegnet opp. Det er malplassert der fordi vi forventer at språket i faglitterære tekster er utvetydig, og at forfatteren mener det han sier. Når jeg ser utropstegn i faglitterære tekster, synes jeg at det virker som om forfatteren enten prøver å gi argumentene en slags følelsesmessig legitimitet eller ønsker å uttrykke sin entusiasme for et funn eller en hypotese. Dette får det til å virke som om vedkommende ønsker at noe skal være sant, og det er negativt i framstillinger som skal være objektive.

Språket er en samling konvensjoner, og den som bryter dem, risikerer å bli misforstått. Jeg bruker selv derfor utropstegn i uformell kommunikasjon når jeg har mistanke om at det jeg skriver, ellers ville bli misforstått, selv der jeg mener at tegnet er unødvendig. Som regel prøver jeg imidlertid å unngå utropstegn helt og holdent fordi jeg ønsker å vise språket og mottakeren tillit.

Teaterfilologen

Ola E. Bø er glad for at scenespråket ikke er hva det en gang var. – Det Norske Teatret har flyttet den språklige estetikken på scenene her til lands, mener han.

TEKST ASTRID MARIE GROV | FOTO EIGIL AASEN

Det Norske Teatret i Oslo har – som eneste teater i landet – en egen språklig veileder. Etter hele 27 år i rollen gikk Ola E. Bø av med pensjon 1. september, og en liten epoke er slutt ved nynorskteateret i hovedstaden.

– Den viktigste delen av jobben har vært å navigere i grenselandet mellom normaltalemål og dialekt, sier Bø.

Et språklig foregangsteater

Det Norske Teatret ble grunnlagt i 1912, med nynorskpionerene Hulda og Arne Garborg som sterke pådrivere. Målet med teateret var i hovedsak normativt: Det purunge landsmålet skulle bringes ut til folket. Nordmenn skulle møte det, bli glad i det og lære det.

Selv om Det Norske Teatret fremdeles er en svært viktig nynorskinstitusjon, er det språklig sett langt løsere i snippen enn det en gang var. De fleste av

OLA E. BØ

- født i 1948, oppvokst i Sauda
- cand.mag. fra Universitetet i Bergen (engelsk, historie, folkloristikk og etnologi)
- med i etableringen av Nordahl Grieg Teatret i Bergen 1976–1981
- ansatt som programmedarbeider i NRK 1981–1982 og 1985–1990
- daglig leder i plateselskapet På norsk (målbevegelsen) 1982–1985
- leder i Noregs Mållag 1984–1986
- aktiv i planleggingen og etableringen av Nynorsk Kultursentrum i Ørsta 1990–2000
- medlem i Norsk kulturråd 1997–2004
- hedersmedlem i Samlaget fra 2018

teaterets stykker spilles ennå på normert nynorsk, men dialektene har også fått en betydelig plass på scenen. Som språklig veileder har Ola E. Bø vært en pådriver for utviklingen.

– Teatrene må orientere seg i den språklige hverdagen de skal virke i, og på det området mener jeg Det Norske Teatret har vært et foregangsteater. Vi har flyttet den språklige estetikken. Tidligere hadde den dannet østnorsk som «riksgyldig norm». Nå tar den utgangspunkt i skuespillernes egen språkbakgrunn. Teaterhøgskolen holdt lenge igjen, men nå har også den endret holdning. De siste årene har vi sett eksempler på viktige Ibsen-roller spilt på dialekt på Nationaltheatret. For bare 10–15 år siden hadde det vært utenkelig.

Dagens praksis på de fleste norske teaterscener står i skarp kontrast til den normative funksjonen teaterspråket tradisjonelt har hatt i europeisk teater, forteller Bø. ►



«Scenespråket har vært selve
dannelsesidealet for korrekt tale.»

– Scenespråket har tradisjonelt vært mønstrert for korrekt tale, selve det språklige *dannelsesidealet*. Det ser vi særlig i tysk teater med felles scenespråknorm for hele det tyske språkområdet. Også i Norge har standardtalemålet stått sterkt på scenen, og Det Norske Teatret har ikke vært noe unntak. Til langt ut på 1980-tallet ble det stilt spørsmål ved om skuespillere kunne snakke normert nynorsk med vestlandsk klangbunn istedenfor østlandsk.

Ola E. Bø mener at den strenge praksisen har vært spesielt uheldig her til lands.

– Teatrene må orientere seg etter den språklige hverdagen i Norge. Vi har uvanlig stor aksept for dialekter, til og med i offisielle sammenhenger. I dag blir det dessuten laget en del teater der teksten blir utviklet gjennom improviserte samarbeid mellom instruktører og skuespillere. Det er vanskelig å tenke seg en ledig og likeverdig prosess her på normaltalemål.

Bø mener at språk er makt, og at scenespråket må ta stilling til de språklige maktforholdene i samfunnet.

– Et standardspråk som er sammenfallende med høystatusspråket, er et problem for teateret. Det betyr at språket teateret bruker, er sosialt plassert. Derfor er jeg veldig glad for utviklingen vi har sett ved Nationaltheatret, og jeg håper den fortsetter.

Ola E. Bø mener at den språklige profilen er en av de største styrkene til Det Norske Teatret.

– I motsetning til såkalt moderat bokmål er ikke nynorsken sosialt plassert, og det er i all hovedsak en fordel – bortsett fra når du trenger sosial plassering. Samtidig gir dialektene mange muligheter. Jeg husker vi snudde hele det språklige hierarkiet på hodet i en oppsetning av *Jungelboka*. Hovedpersonen Mowgli snakket tilnærmet normalnynorsk og dyrene ulike dialekter: hyenene sunnmøring, bjørnen trysling og flokken med hylende aper karikert Oslo vest. Det er en av oppsetningene jeg husker tilbake på med størst glede på grunn av språket.

Fordelingen mellom den normerte nynorsken og dialektene er et tilbakevendende tema på Det Norske Teatret. Bø mener at stykkets karakter er avgjørende for om dialektene bør brukes.

– Noen stykker insisterer mer på det litt rære enn andre, som de fleste tekstene til Jon Fosse. Versedrama trenger ofte fast normering. Noen ganger kan en lokal koloritt tilføre et stykke noe ekstra, andre ganger legger det seg i veien for handlingen.

Resultat av forhandlinger

En rolles språklige uttrykk gir seg oftest av selve teksten, men er også et resultat av forhandlinger med skuespillerne. Til tider kan forhandlingene være harde, sier Bø.

– Jeg har sjelden kommet ordentlig på kant med noen, men det har vært noen hissig diskusjoner der jeg har måttet bruke autoriteten min. En rolle er personlig, og jeg har stor forståelse for at en skuespiller kan komme i klem mellom egen dialekt og den sterke standardspråklige tradisjonen på teateret. Det blir særlig tydelig på nynorsk, som har en svak standardtalemåltradisjon. Skuespillerne kommer til Det Norske Teatret med en større forventning om å ta med mer av sitt eget språk inn i rollen enn ved andre teater. Min oppgave er også å forsvare teksten og det den innbyr til, og av og til må jeg stå for en mer litterær tilnærming enn det skuespillerne ønsker.

Ved siden av stillingen ved Det Norske Teatret har Ola E. Bø de siste årene undervist studentene på Teaterhøgskolen i nynorsk, en oppgave han har satt stor pris på. Han forteller at norske skuespillere jevnt over er positive til nynorsk som scenespråk.

– På Teaterhøgskolen har det hele tida vært gitt opplæring i nynorsk i en eller annen form, men undervisningen er mer praktisk nå enn tidligere. Jeg møter veldig motiverte studenter. De vet at om de vil gjøre karriere i norsk teater,

er sjansen stor for å komme i en situasjon der de må håndtere nynorsk.

Nynorsk må styrkes

Selv om Ola E. Bø applauderer den språklige oppmykningen med økt bruk av dialekt, er han opptatt av at Det Norske Teatret også skal være en sikker leverandør av normert nynorsk.

– Nynorsk trenger å styrkes i alle sammenhenger, og vi er en viktig nynorskinstitusjon. Jeg har møtt instruktører som helst vil snike seg rundt hele nynorsken ved å spille alt på dialekt, og det finnes teater i «nynorskfamilien» som har piggene ute når det gjelder nynorsk normaltalemål. Det undrer meg litt. Jeg mener at alle skuespillere må lære seg å bruke de to standardvariantene av norsk på en måte som integrerer deres egen språklige bakgrunn.

Bø mener at Det Norske Teatret har spilt en svært viktig rolle for nynorskens posisjon i det norske samfunnet, særlig gjennom de mange musikalsuksessene.

– Nynorsk som underholdningsspråk hadde vært utenkelig uten Det Norske Teatret. Bare noen få år etter at musikalen *Oklahoma!* hadde premiere på Broadway i 1943, sang folk «Å, for ein strålende morgon!» på Frognertrikken. Slik tar teateret opp arven etter Ivar

Aasen, som med sitt syngespill *Ervingen* var tidlig ute med å synge språket inn i folket.

Filolog og journalist

Det var slett ikke gitt at Ola E. Bø skulle jobbe mesteparten av yrkeslivet sitt i teaterbransjen. Han er utdannet filolog og har yrkeserfaring som kulturjournalist før han kom til Det Norske Teatret. Blant annet var han med på å starte kulturkanalen NRK P2 i Trondheim.

– Jeg trivdes veldig godt i NRK og hadde egentlig tenkt å bli der. Så fikk jeg tilbud fra teatersjef Otto Homlung om en kombinert stilling som dramaturg og språklig veileder. Jeg hadde tenkt å prøve ett år. Det ble 27. Noe av grunnen til at jeg har likt jobben så godt og blitt værende, er at jeg har fått holde på med mye forskjellig. For eksempel har jeg oversatt mer enn 20 av oppsetningene våre.

Ola E. Bø har noen råd til sin etterfølger, Inger Johanne Sæterbakk, som tiltrer i løpet av høsten.

– Man må være seg selv, tørre å argumentere og få til en god dialog med skuespillerne. Det tar tid å bygge seg opp en autoritet på dette området. Språk er følelsesmessig viktig, og man skal ha respekt for folks ulike språklige bakgrunn og utnytte den som en ressurs. Heldigvis er det aller meste av språk helt korrekt. ●

TO OM BØ

«Jeg kommer til å savne Ola. Han er morsom å være i nærheten av, og veldig ærlig om det han ser på prøvene. Man trenger ikke å veie sine ord eller oppføre seg korrekt i samtale med ham. Han har stor kunnskap om og følelse for språk i teateret. Jeg har flere ganger oppsøkt ham på kontoret og nerdet på ord: Burde jeg gå for dette eller dette? Ofte har han hjulpet meg fram til noe jeg ikke hadde tenkt på, mens andre ganger har jeg endt opp med noe han er uenig i. Da kan jeg liksom føle at han knurrer skjelmisk i salen under prøven, og det er også gøy. Andre ganger har det vært oss mot røkla.»

ANE DAHL TORP, skuespiller

«Ola er en mann det knapt er mulig å ikke like. Han er perfektjonist og sta, men samtidig varm og tilstedeværende. Han er allergisk mot dårlig språk, og når han har vært gjennom teksten du har sendt ham til gjennomsyn, ser den gjerne ut som en tyskprøve fra yngre dager. Og så blir du ikke sur engang.»

ERIK ULFSBY, teatersjef

Språk under panseret

Før fant vi fagbegreper i ordlister og termbaser. Nå utgjør fagbegrepene selve motoren i digitaliseringen og automatiseringen av offentlige tjenester. Vi tar en kikk under panseret.

AV OLE VÅGE

LA OSS SPOLE fem år tilbake i tid, da arbeidsgivere måtte rapportere inn informasjon om sine ansatte til skatteetaten, Nav og Statistisk sentralbyrå i fem ulike skjema til ulike tider. Det var tungvint, både for byråkrater og næringsdrivende. Så ble den månedlige anmeldingen innført, en felles digitalløsning der arbeidsgiverne kunne samle opplysninger om alt fra forskuddstrekk til arbeidsgiveravgift og sende dem til de tre etatene samtidig. Det var en klar forbedring for både arbeidsgiverne og de offentlige saksbehandlerne. Men digitale skjemaer som skal brukes av mange, krever språklig presisjon på høyt nivå.

– A-ordningen er et eksempel på at digitalisering i det offentlige gjør arbeidsdagen vår lettere, forklarer Siri Granerød, informasjonsarkitekt i skatteetaten. – Men for at et felles digitalt skjema skulle bli virkelig, måtte alle etatene samarbeide om en presis og felles forståelse av fagbegrepene de brukte i innrapporteringen.

Opprinnelig ble et begrep som *lønn* definert forskjellig i de ulike etatene. I motsetning til skatteetaten pleide ikke Nav å inkludere

overtid og enkelte typer bonus i lønnsbegrepet.

– Om ikke etatene hadde samordnet begrepene, kunne du og jeg ha fått feil på skatten vår, sier Granerød.

Samarbeidet mellom etatene bar frukter, og begrepene ble klarere og mer presise for alle. Men dette språklige nybrottsarbeidet var krevende, og det tok lang tid før etatene ble enige.

Arbeidet med a-meldingen er en storstilt satsing på digitalisering i det offentlige. Formålet er å gjøre hverdagen enklere for hver og en av oss. Digitaliseringen kan i tillegg føre til store besparelser i offentlig sektor.

«Det dreier seg i bunn og grunn om å vite hva informasjonen egentlig betyr.»

SIRI GRANERØD, SKATTEETATEN


Orden i eget hus

Skal ulike etater kunne bli enige om definisjonene av viktige begreper, må hver enkelt etat først bestemme seg for hva den legger i dem. Nav har erfart at dette ikke er noen enkel sak.

– I lover og forskrifter blir begrepet *samboer* definert på hele 16 ulike måter. I en del tilfeller er det nødvendig å skille mellom ulike

Det enda større bildet

- Lover NAV forvalter
- - - Lover brukerne våre må forholde seg til



vilkår for når man regnes som samboer, men det er også åpenbart at en del av forskjellene ikke er tilsiktet, sier Silje Aanderud-Larsen, teamleder for innovasjon og analyse i Nav.

I flere år har Nav arbeidet systematisk med å rydde i egne begreper. Det ville ikke ha vært mulig uten en termbase, i offentlige etater gjerne kalt begrepskatalog. Dette er en elektronisk base der termer og definisjoner blir registrert og gjort søkbare. Først når begrepene er samlet på ett sted, kan man skape orden i eget hus.

– Termbasen vår er et suverent verktøy for å utvikle en presis terminologi av høy kvalitet. I basen blir utslåttede forskjeller mellom definisjoner åpenbare, og vi kan arbeide oss

fram til et enhetlig begrepsapparat, sier Aanderud-Larsen.

Både Nav og skatteetaten har laget egne termbaser som stadig får påfyll av nye begreper, og flere etater bygger nå opp sine egne baser. Om ikke lenge vil flere av termbasene bli åpne for alle, ikke bare ansatte i etatene.

Data på riktig vei

Én ting er at etatens ansatte kan slå opp og finne gode definisjoner på sitt eget virkeområde. En annen ting er at etatene oppnår gevinst når de skal sende fra seg data til andre.

– Det dreier seg i bunn og grunn om å vite hva informasjonen vi har og sender fra oss, egentlig betyr, sier Granerød. ►

«Termbasen vår er et suverent verktøy.»

SILJE AANDERUD-LARSEN, NAV

Dette gjelder for eksempel når vi skal søke om boliglån i banken. Flere av oss har sikkert sendt kopi av lønnslipper og skattemelding sammen med lånesøknaden til banken. Det slipper vi nå, siden såkalt samtykkebasert lånesøknad er innført. Skatteetaten gjør relevante data tilgjengelige hvis vi godkjenner at de overføres til bankenes system. Dette er enda et eksempel på at digitalisering gir gode brukertjenester for innbyggerne.

– Men da må et begrep som *lønn* være definert og forstått enhetlig. Presise begreper gir gode og riktige data.

Når store mengder data skal utveksles automatisk mellom etater og andre, trengs det derfor felles kjøreregler for begrepsarbeidet. Offentlige etater samarbeider for å utvikle egne standarder og retningslinjer for å legge et språklig grunnlag for digitaliseringen. Direktoratet for ikt og forvaltning (Difi) spiller en nøkkelrolle i dette arbeidet, sammen med Brønnøysundregistrene.

– Egentlig er ikke begrepsarbeid i det offentlige noe nytt. Det er på en måte både språk og fag på én gang, men nå i mer systematiske former. Vi bruker mye tid på å diskutere begreper uten at vi tenker på at det er det vi egentlig gjør, sier Granerød.

Presist språk + digitalisering = sant

Arbeid med språk i digitalisering dreier seg ikke bare om å lage enhetlige og presise definisjoner. Det dreier seg også om å bruke de samme ordene eller fagtermene i kontakt mellom innbyggere og offentlig forvaltning. Mens variasjon i ordbruken er et ideal

i skjønnlitteratur, er det det motsatte i faglige sammenhenger. Med andre ord bør ikke etatene omtale ett og samme begrep med ulike fagtermer. Det kan forvirre.

– Vi ser at brukerne leser om et tema på våre nettsider for så å gå videre til andre etaters nettsider om samme tema, sier Aanderud-Larsen. – Da er det viktig at vi bruker samme fagterm på tvers av etatene, og at vi arbeider for å samkjøre ordbruken. Det handler også om klarspråk.

Med digitaliseringen forventer vi at tjenester fra det offentlige skal bli raskere, enklere og bedre. Da kan ikke de som utvikler tjenestene, hoppe over språket.

– Språket i digitaliseringen må være godt og tilgjengelig for alle innbyggerne på begge målformer. Derfor er dette arbeidet viktig for Språkrådet, sier Åse Wetås, direktør i Språkrådet.

Språkrådet deltar i arbeidet med presist og klart språk i digitaliseringen av det offentlige gjennom blant annet terminologikurs og -veiledning. Språkrådet skal også være nasjonalt samordningsorgan for utvikling og tilgjengeliggjøring av terminologi i Norge.

Presise fagbegreper som drivstoff på tanken gir ikke bare framdrift for digitaliseringen av offentlig sektor i Norge. Grundig språklig forarbeid gir dataene trygghet på reisen mellom de offentlige organene. Tjenestene som nå blir utviklet, skal ikke bare gjøre hverdagen vår enklere. Vi må være sikre på at de blir forstått og brukt på riktig måte. Presise begreper gir først og fremst trygghet.

Ole Våge er seniorrådgiver i Språkrådet.

Sats på språk i næringslivet!

Gode råd kan vere dyre, særleg i næringslivet. No kan Språkrådet tilby råd heilt gratis til dei som har planar om å skrive klarare tekstar.

AV BJØRG NESJE NYBØ

– **VIS ENGASJEMENT**, og sats på språk! Det var oppmodinga frå Idar Kreutzer, administrerande direktør i Finans Norge, då bransjeorganisasjonen for to år sidan sette i gang eit langsiktig arbeid med å sikre eit klarare og meir kundevenleg språk i finansnæringa. Språkrådet var med og gav råd i planleggingsfasen.

Då Finans Norge vende seg til Språkrådet i 2014, hadde vi lenge ønskt å overføre erfaringane våre med klarspråksarbeid i offentleg sektor til andre sektorar.

Klarspråksarbeid

Klarspråk er eit velkjent omgrep i offentleg sektor; staten har drive med systematisk klarspråksarbeid i meir enn ti år. Det er lett å tenkje seg at berre ein følgjer råd om korleis tekstane bør sjå ut, kva som er rett og gale, så vil resten ordne seg sjølv. Men det har vist seg at det ikkje er så enkelt.

Klarspråksarbeid kan samanliknast med ei generaloppdrydding: Er det tekstar som kan kastast eller slåast saman? Korleis kan vi stokke setningane for å få innhaldet klart

fram? Og korleis kan vi forklare faguttrykka for at dei skal vere lette å forstå? Det trengst ein overordna plan for klarspråksarbeidet på fleire nivå.

Råd frå Språkrådet

Språkrådet har no brukt erfaringane frå samarbeidet med Finans Norge til å utarbeide meir generelle råd om korleis eit klarspråksprosjekt i næringslivet kan planleggast og gjennomførast. Råda ligg på nettsidene våre. Vi vonar at både større og mindre verksemdar vil kunne gjere seg nytte av råda. For som Åse Wetås, direktør i Språkrådet, sa då klarspråksprosjektet til Finans Norge vart presentert:

– Det er første gong næringslivet har sett arbeidet med klart språk i system på denne måten. Vi vonar at dette vellukka opplegget også får andre bransjar og institusjonar til å satse meir på klarare språk. Det vil vere godt for både dei og kundane.

Björg Nesje Nybø er seniorrådgjevar i Språkrådet.

Skitt fiske

Mange fiskar har fått namn etter korleis dei ser ut.

At *raudspetta* har namn etter dei raude flekkene, overraskar vel ingen. Men at *brosma* har namn etter måten ho lyser på, er ikkje like innlysande. Namnet er truleg knytt til verbet *brage*, som tyder 'lyse, skine'.

Form og farge

Andre flekkete fiskeslag er *kolje* og *harr*. *Kolja* (dansk *kuller*) heiter så i delar av landet vårt fordi ho har ein stor mørk flekk på kvar side (jf. *kol*). *Harr* tyder nok òg 'mørkflekkete', eventuelt 'blågrå', men det gamle adjektivet som låg til grunn, er søkk borte. *Kolja* heiter helst *hyse* ved sjøen i nord og vest, etter gammalnorsk *yśa*, som fisken òg heiter på Island, der ho er sær omtykt. Namnet har vore knytt til eit gamalt ord for 'brend'.

Fiskane *lysing* og *kviting* (òg kalla *bleikje*) har begge namn etter den skinande bleike buken. *Kveita* har på si side namn etter det kvite kjøtet. Ein fisk med raud buk er *røye*.

Langa heiter tradisjonelt helst *lõnga* (med å-lyd) der ho er mest utbreidd, men samanhengen med adjektivet *lang* er ikkje til å ta feil av. Annleis er det med *flyndra*. Alle veit at ho er *flat*, men kven skulle tru at det historisk sett er same *fl-* i dei to orda? Og kven tenkjer på grisen i *berggylta*? Ei *gylte* er ei 'purke', som naturlegvis er i slekt med ein *galte* (råne).

Andre særmerke

Breiflabben eller *breikjeften* talar så å seie for seg sjølv, for framanfrå er denne fisken ein einaste stor *flabb* 'kjeft'. Frå andre sider kan han minne om eit forvakse rumpetroll. Andre fiskar som gjer det, heiter gjerne *ulk(e)*, som òg er eit ord for padde. Langs kysten har *marulk* vore eit vanlegare ord enn *breiflabb*. *Marr* kjem av norrønt *marr* 'hav' og er i grunnen det same som latin *mare* (jf. *marin*).

Djupvassfisken *uer*, norrønt *øgr*, har anten namn etter augo, som nærmast sprett ut når han blir halt opp, eller etter dei kvasse uggane (finnane). Mange stader i vest heiter han tradisjonelt *auger* og liknande, som kan vera ei seinare tilknytning til *augo*. Danskane har fest seg mindre ved dette særmerket; dei kallar han *rødfisk*.

Uggar, piggar og taggar kjenneteiknar fleire fiskar. *Var* i *piggvar* kjem av norrønt *hvarf* 'krins', og piggane er ein krins av beinknutar. Eit anna norrønt ord for 'pigg', *gaddr*, har gitt namn til *gjedda*, kanskje på grunn av forma. *Åboren* er vond å få tak på språkleg, men fyrste ledd er i slekt med *agg*, *egg* og *ugge*, medan det andre er det same som *borre* og heng saman med *børste*. Ei anna slags bust finn vi på *lodda*. *Nynorskordboka* fortel at «hannfisken har ei håret stripe av skjel langs sidene i gytetida». Hannlodda er altså litt loden.



Breiðflabben eller *breikjeften* talar så å seie for seg sjølv, for framanfrå er denne fisken ein einaste stor *flabb* 'kjeft'. Foto: cynoclub / iStockphoto

At noko *skatar*, 'stikk fram', eller i dette tilfellet *bak*, er nok det som har gitt namn til *skata* med den karakteristiske halen. Fiske-
namnet *ål* har uvisst opphav, men det ville vere underleg om det ikkje var fasongen for-
fedrane og formødrene våre beit seg merke i.

Ikkje all fisk er like fast i fisken. Fiske-
namnet *lake* kan henge saman med lågtysk
lak 'slapp'.

Åtferd

Eit par viktige fiskar har namn etter åtferda.

Skreien skrur fram, ikkje minst mot Lofoten. Verbet som ligg under, er *skride* – *skrid* – *skreid* – *har skride*. Ein annan fisk trivst særleg over *aur* 'stein- og grusbotn', og det er *auren* (norrønt *aurriði* 'aur-ridar', bokmål *ørret*, dansk *ørred*).

Nokre viktige fiskenamn veit vi fint lite om opphavet til; det gjeld mellom anna *laks*, *makrell*, *torsk*, *sei* og *sild*. Og dei fleste av fiskane vi har nemnt, har mange dialektnamn i tillegg. Fleire av dei finn du på artsdatabanken.no og i *Store norske leksikon*.

Fleire svar på kva som er opphavet til ord og uttrykk, finn ein i *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* og på nettsidene til Språkrådet.

Lengre eller lenger enn langt?

Sliter du med når du skal bruke *lengre* og *lenger*? Du kommer langt hvis du husker dette:

Lengre er komparativ av adjektivet *lang* (og *langt*), som står til et substantiv:

en **lang** gang i et **langt** hus —
en **lengre** gang i et **lengre** hus

Lenger er komparativ av *langt* i adverbial funksjon, altså adjektivet når det står til et verb:

å gå **langt** — å gå **lenger**

Lenger er dessuten komparativ av adverbet *lenge*:

lenge å vente — **lenger** å vente

Og *lenger* enn langt kommer du hvis du også husker dette:

Når «verb + *lenger*» = «*lengre* + substantiv»
I eksemplene nedenfor har vi verb til venstre og substantiv til høyre:

- å hoppe langt — et langt *hopp*
- å vente lenge — å vente i lang *tid*
- å vare lenge — å ta lang *tid*

Når vi skal bøye dette i komparativ, heter det *lenger* i verbal sammenheng. Men til substantivene skal det stå *lengre*:

- å hoppe lenger — men et *lengre* *hopp*
- å vente lenger — men å vente i *lengre* *tid*
- å vare lenger — men å ta *lengre* *tid*

Flere eksempler: *Samtalen varte lenge(r)*, men *en lengre samtale*. Å være syk *lenge(r)*, men *etter lengre tids sykdom*.

Strekke *lang* eller *langt*?

Mange skriver og spør om det heter å *strekke seg lenger* eller *lengre*. De mener oftest å *strekke seg langt*, ikke *lang*, så da må komparativ bli *lenger*.

Sammenfall mellom *langt* og *lenge*

Vi kan ikke alltid se forskjell på *lenger* av *langt* og *lenger* av *lenge*:

- Nå vil jeg ikke reise lenger.
- Hun var lenger borte enn noen gang.

Disse setningene skifter mening med trykkplasseringen. Der det er forvekslingsfare, kan problemet løses med omskrivning, for eksempel: «Nå vil jeg ikke være på reisefot lenger», «Hun var bortreist lenger enn noen gang».

I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

Altfor artige avløysarar?

Peptalen må ha hjelpt, for etter pausen vart det trillingmål.

Trekksekker på tjukkel er eit uvant syn.

Eg liker dårleg namneskvetting og plottblotting.

I desse døma er det seks norske avløysarord som ein ser svært sjeldan. Det er nemleg dei engelske ekvivalentane som har sette seg i språket vårt – slik det ofte er når vi låner ord frå engelsk. Kanskje er dei norske forslaga litt for artige til å slå igjennom?

Kuriositetar

Peptale er eit av fleire norske alternativ til engelsk *peptalk* 'oppmuntringstale, appell', andre er *peppreik*, *pepprat*, *piffprat* og *kveikpreik*. Ingen av dei har lukkast.

Trillingmål er det same som *hat trick* 'tre mål etter kvarandre av same spelar i same kamp'. Men det har ikkje vunne fram.

Trekksekk (jf. trekkfugl) er ein humoristisk variant av *backpacker* som ikkje har fått fotfeste. Det meir sjølvforklarande *ryggsekk-turist* er lengre, men fungerer godt.

Tjukkel, eller *tjukksykkel*, er ei omsetjing av *fatbike* 'sykkel med ekstra tjukke dekk'. Men då tjukkel kom på bana, var tjukksykkel alt i mål.

Namneskvetting, *namnestrøing* eller *namnedryping* kan stå for *namedropping*, men det er ikkje mange som slår om seg med desse avløysarane.

Plottblottar, *røpealarm* og *røpevarsel* er fornorskingar av *spoiler alert* 'det å røpe handlinga i ein film eller ei bok'. Vi røper ikkje mykje med å seie at dei er lite brukte.

Meir eller mindre vellukka

Avløysarord som *minnepinne* for *memory stick*, *nakkesleng* for *whiplash* og *beste sendetid* for *prime time* har til gjengjeld glidd godt inn i språket. Mange har sansen for dei norske avløysarane, og det treng ikkje vere eit lyte at dei er artige, fyndige og direkte.

Like bra har det ikkje gått med *motemolo* for *catwalk*, *tusjtafle* for *whiteboard* og *auge-tøy* for *eyewear*, endå det er lite å seie på sjølve oppbygginga av orda. Og enda verre er det altså med avløysarane i innleiinga, som framleis ventar på avløysing.

Erlend Lønnum, redaktør



Ryggsekketurisme, trekksekkning, backpacking.

Foto: mihtander / iStockphoto



Integreringas pris



Før gjekk døve born på eigne døveskular. No går dei fleste på vanlege skular. Kva gjer det med borna? Kva gjer det med språket deira? ▶

TEKST ASTRID MARIE GROV | FOTO KATRINE GADE



Ebru og Mia Aimee er elevar ved Vetland skole og ressurscenter for hørselshemmede.

I MEIR ENN 150 ÅR var majoriteten av døve born i Noreg elevar på døveskular. Det innebar i mange tilfelle eit internattilvære langt vekk frå familien. Samtidig var det den einaste sjansen ungane hadde til å få språk og skulegang i ein fellesskap der dei ikkje kjende seg annleis.

Om å kjenne seg handikappa

Mykje har endra seg for døve og hørselshemma born, og fordelane ved døveskular er ikkje lenger så openberre som dei var. Teknologiske framsteg, særleg i form av cochleaimplantat, har gjort det mogeleg å få noko høyrsel. I tillegg har det i Noreg lenge vore eit mål at alle elevar skal integrerast og gå på dei same skulane. Slik har dei fleste døveskulane blitt bygde ned og i stor grad erstatta av tilrettelagd undervisning på nærskulen. Døve er med andre ord integrerte og treng ikkje lenger å samlast. Eller?

Ein fersk rapport frå NTNU samfunnsforskning har oppsummert kva forskinga seier om korleis det går med integreringa av døve og hørselshemma i skulen. Resultatet er nedslåande: Både fagleg og sosialt fell elevane utan-

for. «Voksnes nærhet kan ikke kompensere for fravær av interaksjon med jevnaldrende», konkluderer rapporten.

– Akseptert som eg var

Hanne Enerhaugen er fødd i 1965, før integreringa av døve tok til for alvor. Ho er oppvaksen i Drøbak, men var elev på Skådalen offentlige skole for døve i Oslo som barn. Det er ho svært glad for.

– Eg vart henta heime klokka seks om morgonen, og skulen starta ikkje før halv ni. Men det var verdt det. Eg har gode minne frå den tida. Eg kjende meg aldri utanfor eller aleine på skulen, vi var som ein stor familie. Mange av venene eg har i vaksen alder, er folk eg vart kjend med på Skådalen.

Enerhaugen fortel at ho kunne lite teiknspråk då ho byrja på skulen.

– Eg gjekk i ein barnehage for høyrande, og før eg var tre, hadde eg ikkje noko språk i det heile tatt. Frå då av fekk eg litt opplæring i gestikulering, men det var fyrst på skulen eg lærte meg ordentleg teiknspråk.

Fellesskapen på skulen vart ekstra viktig



«Nedbygginga av døveskulane er eit stort tap for oss døve.»

HANNE ENERHAUGEN FOTO: ASTRID MARIE GROV

«Det tyder enormt mykje for elevane å sleppe å vere annleis.»

REKTOR TOINI RYSSTAD

fordi familien ikkje kunne godt teiknspråk, seier Hanne Enerhaugen.

– Heime var eg mykje aleine, men på skulen var eg saman med andre som snakka same språk, og vart akseptert som den eg var.

Enerhaugen er ikkje overraska over funna som viser at integreringa av døve i vanlege skular fungerer dårleg. Ho meiner ei vellukka integrering i praksis er umogeleg.

– Eg har sjølv vore lærar for døve i integrerte klassar og sett at det ikkje fungerer. Særleg når det gjeld det sosiale, fell døve utanfor. Dei leikar ikkje med andre og er utsette for mobbing, og ofte blir det språklege misforståingar. Born som ikkje blir forståtte, blir frustretre og sinna, og det fører til at dei blir sette på som problemborn. Dårlig språkutvikling, sosial isolasjon og mangel på identitetskjenneleis kan føre til at døve får psykiske lidningar og blir uføre som vaksne.

Døve bør igjen samlast på døveskular, meiner Enerhaugen.

– Når døveskulane no er bygde ned, blir møteplassane for døve borte. Den tilhøyrsla fellesskapsarenaer gjev, er så viktig. Nedbygginga av døveskulane er eit stort tap for oss døve, eg vil nesten kalle det eit overgrep.

Sjølv om mange døve born no får operert inn cochleaimplantat som gjer dei i stand til å høyre ein god del, meiner Enerhaugen fellesundervisning for døve er nødvendig.

– Cochleaimplantat er eit litt avansert høyreapparat, men det gjer ikkje døve til høyrande. Derfor fell òg CI-opererte born utanfor



om dei ikkje får lære teiknspråk og ta del i ein fellesskap med likesinna.

– For bratt kvardag

På Oppsal søraust i Oslo ligg Vetland skole og ressurscenter for hørselshemmede. Det er ein av få spesialskular for hørselshemma som er igjen i landet, med totalt 93 elevar frå 1. til 10. klasse. Rektor Toini Rysstad får ofte påminningar om kor viktig fellesskapen med andre born er for elevane, til dømes rett etter skulestart i august.

– Då samla eg alle elevane ute og spurde dei kva som var det beste med å kome att på skulen etter ferien. Det spontane svaret var «teiknspråk». Kommunikasjonen med ungane i gata og tilmed familien kan vere utfordrande for elevane våre. Når dei kjem hit, kan dei kommunisere og leike fritt. Eg merkar at det tyder enormt mykje for dei å sleppe å vere annleis.

Ei god integrering av hørselshemma i vanlege skular er ekstra utfordrande i den moderne skulekvardagen, meiner Rysstad.

– Vi får inn elevar her som har starta i vanlege skular, men syntest kvardagen vart for bratt, både fagleg og ikkje minst sosialt. I dagens skule blir det lagt opp til så mykje samarbeid og kommunikasjon i ulike former at det kan vere vanskeleg å bruke tolk. Nokre elevar handterer ein slik kvardag, men det skaper ut- ▶

fordringar for mange. Føresette må òg jobbe hardt for å skape eit sosialt miljø rundt barnet når kommunikasjonen må skje på teiknspråk.

Rysstad fortel at òg foreldre set stor pris på både den teiknspråklege fellesskapen og undervisninga på Vetland skole.

– Både frå andre stader i Oslo og elles i landet har familiar kome flyttande til Oppsal og tilgrensande område. Det har etablert seg eit døvemiljø rundt skulen, og du kan observere folk bruke teiknspråk på butikken. Her kan ungane etablere ein identitet som døv og få døve rollemodellar.

Rigide rammevilkår

Marie-Lisbet Amundsen er professor i spesialpedagogikk ved Universitetet i Sørøst-Noreg. Ho meiner målsetjinga om at den norske skulen skal framstå som ein inkluderande og tilpassa oppvekstarena for alle, er nærare visjon enn realitet. Ho er ikkje overraska over at integreringa av døve og høyrselshemma fungerer dårleg.

– Det har i for liten grad vore forstått at teiknspråk er eit eige språk. Ein lærar som kan litt teiknspråk, er ikkje nok. Den viktigaste læringa for elevar skjer i samspel med jamaldra som snakkar deira språk, anten vi snakkar om språklæring eller sosial læring. I eit rikt teiknspråkleg miljø vil døve elevar få sjansen til å utvide ordforrådet og utvikle ein eigen sjargong og humor, noko som kan mangle fullstendig i vanlege klassar.

Ei god integrering av høyrselshemma i vanlege skular er mogeleg, men det føreset at ein relativt stor del av elevane i klassen kan teiknspråk godt og brukar det i kvardagen, seier Amundsen.

– Det krev også tilrettelegging med tanke på klassestorleik, lys og akustikk. Tilrettelegging er utfordrande fordi rammevilkåra i den norske skulen er svært rigide og i liten grad gjev rom for alternative undervisningsformer og -opplegg. Både med omsyn til læring og trivsel har born og unge som brukar teiknspråk, utbytte av å vere i eit miljø der teiknspråk er undervisningsspråket.

«Den viktigaste læringa for elevar skjer i samspel med jamaldra som snakkar deira språk.»

PROFESSOR MARIE-LISBET AMUNDSEN

FAKTA OM DØVESKULAR

Den første døvskulen i Noreg, A.C. Møller skole, opna i Trondheim i 1825. Andreas Christian Møller (1796–1874) hadde fått utdanning på døvskule i København og tok initiativ til å etablere eit skuletilbod her til lands. Frå då av vart det etablert døvskular mange stader i Noreg, og i 1881 vart skulegang for døve gjort obligatorisk med *Lov om abnorme Børns Undervisning*. Parallelt med framveksten til skulane oppstod fleire arenaer der døve kunne samlast, til dømes døvforeiningar. Saman med døvskulane bidrog dei til utviklinga av ein eigen døvekultur.

I lange periodar var *tale- og munnavlesing* den mest sentrale undervisningsmetoden ved døvskulane, med det føremålet at døve skulle kunne kommunisere med høyrande. Men elevane på internatskulane brukte teiknspråk flittig på fritida, og etter kvart vart teiknspråket òg til opplæringspråk ved døvskulane. Norsk teiknspråk fekk status som fullverdig språk i 2008 (i stortingsmeldinga *Mål og mening*).

I dag gjev opplæringslova døve og høyrselshemma barn rett til teiknspråkopplæring etter behovskartlegging frå PP-tenesta. I dei fleste tilfelle blir undervisninga gjeven på nærskulen. Kommunane er ansvarlege for undervisninga, men får praktisk støtte frå Statleg spesialpedagogisk teneste (Statped).

Svorsk helt på grensa

Blandingspråket *svorsk* er blitt mer aktuelt med den økte svenske innvandringen til Norge de siste tiåra. Noen liker svorsken, andre ikke. Uansett har svorsken hjulpet oss til å forstå hverandre bedre over landegrensene.

AV IDA TOLGENSBAKK

FRA TUSENÅRSSKIFTET VAR arbeidsledigheten blant svensk ungdom høy, mens det norske arbeidsmarkedet trengte flere hender. Det var lett å komme ufaglært inn i visse bransjer på vestsida av grensa, og mange tusen unge svensker lot seg friste.

Da jeg i 2015 skrev doktoravhandling om disse svenske innvandrerne, var svensker blitt den nest største innvandrergruppa i Norge. De utgjør fremdeles en stor og viktig gruppe og kommer nok til å være det en stund til.

Tidligere dro nordiske statsborgere i Norge gjerne hjem igjen når de fikk barn. Nå har langt flere av de sesongarbeidende svenskene bestemt seg for å bli. I dag er det over tre tusen barn med svensk som hjemmespråk i Norge. Det gir svenskene en mer permanent plass i det norske samfunnet – også språklig.

Å nærme seg hverandre

I svorsk velger språkbrukerne, enten de er svenske eller norske, å bruke deler av det andre språket, som vokabular, idiomer og språkmelodi. Hensikten er å gjøre seg forstått. En nordmann som svorsker, bruker som oftest norsk tonefall og syntaks iblandet svenske ord, alt etter hvor mye svensk ved-

kommende behersker, og hvilke norske ord vedkommende mener er vanskelige å forstå for mottakeren. En svenske som snakker svorsk, vil gjøre det samme, bare motsatt vei.

Til prosjektet mitt intervjuer jeg unge svenske innvandrere i Oslo, de fleste av dem servicearbeidere eller studenter. De fortalte at de må gjøre en innsats for å bli forstått av norske kunder, kolleger og venner. Daglig har de behov for å svorske. De som jobba i kiosk, lærte seg for eksempel raskt det norske ordet for *tändstickor* og den norske uttalen av *jus*.

I intervjuene fikk jeg selv erfare hvordan man nærmer seg en annen skandinavisktalende i praksis. På lydopptakene kan man høre hvordan vi mer eller mindre bevisst nærmer oss hverandre. Noen ganger prøvde svenskene å snakke tilnærmet norsk i begynnelsen av intervjuet, for så å bli enten slitne eller ivrige, eller innse at jeg stort sett forsto dem godt nok til at de bare kunne snakke svensk. Andre ganger kunne det meste av intervjuet foregå på svorsk, med innslag av standardsvensk når de snakka om familien hjemme i Sverige, eller på svenske dialekter når de siterte andre svensker. Oftest var intervjuene en salig blanding, slik det gjerne er når nordmenn og svensker møtes. ►



Skriftlig svorsk

Svorsk er ikke bare et muntlig fenomen. Blandingsformer oppstår også når man skal uttrykke seg skriftlig på det andre språket. Et godt eksempel er skiltet i vinduet til kafeen «Mat og Mer» i Oslo (se bildet), som åpenbart er skrevet av en svenske. Mange av språkformene er norske, men det svenske skinner gjennom.

De unge svenskene jeg snakka med, uttrykte størst frustrasjon over den skriftlige kommunikasjonen. Nordmenn er stort sett tålmodige med muntlig svensk – informantene mine rapporterte om positiv tilbakemelding på sitt svenske språk –, men ikke like tålmodige med skriftlig kommunikasjon, for der stilles det større krav til formell korrekthet. Innvandrere fra nabolandene har ikke krav på norskundervisning når de ankommer, og det finnes få private tilbud retta mot svensker som ønsker å lære seg norsk. De fleste svenske innvandrere må rett og slett improvisere, og det kan være frustrerende.

Når informantene mine snakka om språkpraksis, både muntlig og skriftlig, var de fleste opptatt av å ha det de kalte «et rent språk».

Det er imidlertid vanskelig å få til, for norsk og svensk er så like at de fleste språkbrukere vil bli påvirket av hverandres språk.

I sosiale medier kan vi se hvordan de to språkene glir over i hverandre når unge svensker kommuniserer i en uformell skriftlig sammenheng:

Hei, er det noen som vet en lokale i Oslo som man kan leie fredag [...] for et bra pris? Tenkte ha en rolig og fin middag. Tusen takk!

Et annet eksempel er fra en svensk mellomleder i en norsk bedrift:

Jag ær på jakt efter sæsongshjælper och en deltidanstælld [...] Du ær en sprudlande sæljartyp med glædje før att skapa kundrelationer och har gærna erfarenhet från tidigare serviceyrken.

I det første eksempelet skinner svensken igjennom i den falske vennen *rolig*, som på svensk betyr 'morsom' (se flere eksempler i faktaboksen), og bruken av hankjønn av *lokale* og intetkjønn av *pris*, som på svensk. I det andre eksempelet ser språket ut til å være fullstendig svensk, men hen som har skrevet det, har sittet ved et norsk tastatur. Eksemplene viser at det forekommer mange blandingsformer, og at språkbrukerne ikke nødvendigvis er konsekvente. Gir det da mening å snakke om svorsk som en egen språkform?

Pidgin, aksent, dialekt?

Svensk og norsk er såpass like at de nærmest kan regnes som dialekter. Statusen som separate språk er særlig definert av (språk)politiske forhold og nasjonalstatsgrensa. Hva skal vi da kalle en slik ustabil språkform som beveger seg på tvers av grensa?

Det finnes flere språk som har oppstått som mellomformer mellom to ellers atskilte og gjensidig uforståelige språk. Pidginspråk defineres gjerne som grammatisk enkle kom-

FALSKE VENNER

Såkalte falske venner er ord i to ulike språk, der ordene har (nesten) lik ordlyd, men ulik betydning:

SVENSK

dyna
kjøl
kostym
kry
lag
laga
nöt
rolig
snål
ögla

NORSK

pute
skjørt
dress
frisk
lov
reparere
storfe
morsom
gjerrig
ring, hull, øye o.l.

Svensk *kostym* og norsk *dress* er falske venner.

Foto: David Merrett / flickr



munikasjonsbroer mellom to ulike språk. Russenorsk er et godt eksempel. Det oppsto i pomorhandelen mellom norsk- og russisktalende handelsfolk. Kreolspråk er mer utbygde og stabile språkformer, som også kan være morsmål. Men verken pidginspråk eller kreolspråk dekker egentlig svsorsk som fenomen. Nordmenn og svensker forstår hverandre såpass godt at svsorkingen som oftest ikke er avgjørende for å kommunisere. Det er heller ingen ting som tyder på at barn som vokser opp i Norge med svensk som hjemmespråk, har så sterk sosial tilknytning til andre svsorktalende at svsorken vil stabilisere seg i et kreolspråk.


Informantene mine var iblant oppgitt over hvor opptatt nordmenn er av språket deres – «kan de ikke bare tenke på det som en dialekt?» –, men språkformen svsorsk er nok ikke stabil nok til å kunne betraktes som dialekt. I mange tilfeller vil det folk kaller svsorsk, ha

mer preg av aksent: De svenskene som har blitt boende i Norge, behersker etter hvert norsk grammatikk og ordforråd meget godt, men beholder sin svenske setningsmelodi. Det skal mye til før svensker som ankommer Norge som innvandrere i voksen alder, klarer å skjule sitt språklige opphav. De vil sannsynligvis skille seg ut språklig, enten de vil det eller ikke.

Uansett bør vi være glade for at svsorsk eksisterer. Muligheten for blandinger, hybrider og kreative former over våre skandinaviske språkgrenser er på mange måter det som gir oss grunnlaget for å kommunisere. Vi er sånn sett heldige som blir kjent med slike språklige bastarder.

Ida Tolgensbakk er forsker ved Oslomet – storbyuniversitetet og har skrevet doktorgradsavhandling om unge svenske innvandrere i Oslo.

Språk og litteratur hand i hand



Aasmund Olavsson Vinje ville ha vore 200 år i år. Han var ein av grunnleggjarane av det nynorske skriftspråket som bruksspråk og ein aktiv og kreativ brukar av landsmålet. Men han hadde ingen lett veg mot målet.

AV GUNNSTEIN AKSELBERG

FÅ AV NYNORSKENS FEDRAR har hatt så stor innverknad på framveksten av det nynorske skriftspråket og den nynorske skriftspråkpraksisen som Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870). Men han vingla mange gonger undervegs, eksperimenterte og prøvde ulike skriftspråklege løysingar før han vart nøgd og kjende seg trygg.

Heile tida var det nynorsken si kraft som skjønnlitterært og saklitterært skriftspråk som avgjorde kva for språklege normer og former han valde. Vinje var ein av dei aller fyrste som tok i bruk det nynorske språket i mange og ulike litterære sjangrar og samanhengar. Slik var han med på å gjera nynorsken til eit allsidig bruksspråk heilt frå starten av.

I denne artikkelen vert *nynorsk* nytta i samband med Vinjes rolle som ein av grunnleggjarane av den komande nynorske skriftnorma, og *landsmål* vert nytta i omtale av Vinjes eige konkrete skriftmål i samtida.

Den litterært mangslungne Vinje

Mange generasjonar har lese, sunge og gledde seg over Vinje i metrisk form – frå barneskule til aldersheim. Lyrikken hans er mangslungen av di Vinje handsamar mange og ulike emne, og lyrikken hans er tradisjonell av di Vinje oftast skriv innom faste metriske mønster. Ikkje sjeldan bryt Vinje ut i lyrisk-poetiske innslag inne i reine prosatekstar. Den lyriske

forma og dei eksistensielle temaa som Vinje tek opp i poesien, er oftast lett atkjennande.

Vinje var dessutan ein makelaus essayist og prosaskribent. Han boltra seg språkleg friast og var mest aktiv som essayist, og den essayistiske litteraturen ruvar mest i produksjonen hans – både kvantitativt og intellektuelt. Tema av kulturell, politisk, sosial, økonomisk og personleg karakter turnerte han elegant – ofte med ei kritisk, vurderande og utfordrande tilnærming. Det er ein fryd å lesa essaytekstane til Vinje – der både Montaigne (1533–1592) og Holberg (1684–1744) gjev grunntonen. Den britiske *Spectator*-stilen til Edisson og Steel frå tidleg 1700-tal kling òg oftast med.

Det er særleg tre litterære verk i Vinje sin produksjon der den essayistiske stilen kjem glimrande til uttrykk: vekevisa *Dølen* (1858–1870) og dei to reiseskildringane *Ferdaminni frå sumaren 1860* (1861) og *Bretland og Britarne* (1873) (fyrsteutgåva var *A Norsman's View of Britain and the British*, utgjeven i Edinburgh 1863). Andre døme på Vinjes solide essayistiske framstillingar er dei rundt 700 artikkane han skreiv som Christiania-korrespondent for *Drammens Tidende* i perioden 1851–1859. Desse tekstane vart publiserte elektronisk våren 2018 i samband med 200-årsfeiringa.

Felles for tekstane i *Dølen*, *Ferdaminni*, *Bretland og Britarne* og i *Drammens Tidende* er Vinje si suverene evne til å kombinera ei sikker og kvass språkføring med eit skarpt, granskande og observerande blikk. ►

«Vinje var ein makelaus lyrikar, essayist og prosaskribent.»

Den språkleg mangslungne Vinje

Vinje vart på sett og vis ein frivillig kasteball mellom dei to norske skriftspråkstrategiane som vaks fram utover på 1800-talet: ei gradvis fornorsking av det danske språket og utviklinga av ei eiga norsk skriftspråknorm, noko som førte til at han store delar av livet kom til å representera ei omskifteleg skriftspråkleg line. Ikkje det at han ivra for riksmålslina, men han hadde stor sympati for gradvis å fornorska språket ved å ta inn norske ord og norske former i skriftspråket, meir enn berre å fastsetja «éin gong for alle» ei alternativ særnorsk skriftspråkleg norm, slik han meinte Ivar Aasen gjorde. Vi kan kanskje seia det slik at også språkleg, som i svært mange andre tilfelle, såg Vinje «retta og vranga på livsens vev».

Då Vinje tok til å verta skriftspråkleg produktiv – i den andre halvdelan av 1840-åra skreiv han avisinnlegg både «lokalt» i Mandal, der han oppheldt seg nokre år, og «nasjonalt» i *Morgenbladet* – var det framleis den danske skriftspråknorma som rådde i landet. Ivar Aasens skriftspråklege alternativ hadde enno ikkje fått si form, men Aasen jobba med saka. Fyrst i 1853 kom Aasen sitt banebrytande arbeid *Prøver af Landsmaalet i Norge*, der han mellom anna hadde med normerte prøver på det nye særnorske skriftspråket. Med denne boka vart landsmålet sjøsett. Frå no av fanst det eit språkleg grunnlag både for å diskutera og for å praktisera ei særreiga norsk skriftnorm.

I dei fyrste åra etter 1853 var det i hovud-

sak Aasen sjølv som nytta dette alternative norske skriftspråket, men frå 1858 var det fleire som prøvde seg med den nye særnorske norma. Desse både eksperimenterte med og supplerte landsmålsnorma til Aasen. Ein av dei språklege eksperimentatorane var nettopp Vinje. I det fyrste nummeret av vekebladet sitt *Dølen* skriv han: «Eg vil derfor prøva meg på eit Maal som ligg midt imillom det norske og danske».

Norskfarga dansk og danskfarga norsk

Då Vinje var Christiania-korrespondent for *Drammens Tidende* frå 1851 til 1859, brukte han dansk skriftspråk i dei til saman 700 artiklane om ulike sakstillhøve. Men journalisten i *Drammens Tidende* var ikkje berre lojal mot den danske skriftnorma. Allereie her eksperimenterte han – sikkert både medvite og umedvite – med å ta inn norske ord og norske grammatiske former. Mellom anna vart han kritisert for å nytta ord og former som *rædda*, *flittigare* og *nyttigare*. I *Drammens Tidende* praktiserte Vinje idéane til Knud Knudsen om fornorsking og blandingsmål, men i motsetnad til Knudsen som tok ord og former frå den norske «dannede dagligtale» i byane, tok Vinje ord og former frå sitt eige telemål og frå andre telemål – som skilde seg sterkt frå den norske «dannede dagligtale».

Vinje og ei norsk språknorm

Det var fyrst då Vinje tok til å gje ut vekebladet *Dølen* i 1858, at han markerte seg som

«Vinje vart ein frivillig kasteball mellom dei to norske skriftspråkstrategiane.»

norsk skriftspråkbrukar. Men sjølv i sitt eige vekeblad, og særleg i dei fyrste årgangane av *Dølen*, var Vinje språkleg usikker. Her nytta han danske innslag som *hvorfor*, *hvordan*, *hverken*, *bevisar*, *betyda*, *kun*, *der* (relativt pronomen), *Tidinds Strid* og *Norskhet*. Dette språket til Vinje «kunde en næsten kalde et maskeret riksmaal», er det vorte sagt.

Rundt 1860 var Vinje komen fram til ei meir eller mindre stø ny norsk målform. Særleg vart boka *Ferdaminni fraa Sumaren 1860*, gjeven ut i 1861, trekt fram som døme på eit stabilt og heilsleg språk hjå Vinje. Likevel var det stor avstand til Aasen si språkform i denne boka. Sjølv tittelen på boka, *Ferdaminni*, signaliserte eit brot med Aasen. Forma *-minni* i *Ferdaminni* var henta frå Vinje sitt eige talemål, telemålet, og uttrykte

trongen hans til å la landsmålsnorma få eit breiare talemålsgrunnlag enn det Aasen var viljug til. Hjå Aasen skulle fleirtalsforma her vore *-minne*, altså *Ferdaminne*.

På 1860-talet, frå 1863 til 1865 – etter at han hadde gjeve ut *Ferdaminni* og vore i England – fekk Vinje det føre seg at han hadde vore altfor slepphendt i bruken av særeigne norske språkformer i litteraturen sin. Han frykta at slike språkformer ville vera eit hinder mellom lesarane og han sjølv som forfattar. Difor tok han til å nytta ein god del danske former att. No nytta han former som til dømes *Jomsvikinger*, *Greider* (< *Greidur*), *Penge*, *Kunstnere*, *først* (< *fyrst*), *før* (< *fyr*), *over* (< *yver*), *om* (< *um*) og *hos* (< *hjaa*); og formuleringar som *hun har blott hvilt* (< *ho hever kvilt*) og *vi har ikke* (< *me hev ikki*). ►



«Vinje var heile livet på språkleg leit og dreiv med språklege eksperiment.»

Det er fyrst i 1865 at Vinje tek til å nærma seg Aasen si målform. Det episke diktet *Storegut*, gjeve ut i 1866, er skrive i ei tillempa språkleg Aasen-form. Vinje vart likevel aldri fortruleg med Aasen-normalen. Mellom anna meinte han at Aasen var altfor oppteken av prinsipielle teoretiske språktilnærmingar, og at Aasen forsømte den praktiske sida ved språket. Sjølv ville Vinje halda fram der Aasen slapp, mellom anna med å studera talemåla si praktiske side.

Vinje var altså langt frå samd med Aasen i eitt og alt. Det vert hermt etter Vinje at han i 1868 skal ha sagt om Aasen: «Eg skal bruke resepta di, saa langt eg kan, men eg *maa* skrive paa mit eget maal. Eg vil ikkje væra noko apekat.» Vinje hadde ei meir praktisk og dynamisk tilnærming til norsk skriftnorm enn Aasen. Han var mindre puristisk, og difor var han også svært oppteken av talemålsnære former. Vinje eksperimenterte med den språklege forma heile livet, og han kalla seg difor for ein av «Nomadene på Sprogmarken».

Kunstnaren, pragmatikaren og språkmannen Vinje

Det var landsmålet som løyste ut lyrikaren Vinje. Han nådde nok ikkje like langt, djupt og inderleg i den poesien han utforma i dansk språkdrakt. Før han tok til å skriva dikt på landsmålet, nådde han vel lengst i dei mange visene han skreiv på bygdemål.

Truleg var det òg kunstnaren, og ikkje målmannen eller språkpolitikaren, som forma landsmålet hans, og som gjorde at Vinje heile livet var på språkleg leit og dreiv med

språklege eksperiment. Etter som kunstnarpersonlegdomen Vinje vaks fram, endra han òg språket sitt frå eit nokså traust kansellistisk dansk til ei meir blodfull, fri og personleg norsk uttrykksform der den klassiske arven smelta saman med hans eige heimlege språktilfang.

Vinje pendla skriftspråkleg i nesten heile sitt vaksne liv mellom dansk, Aasen-normalen og bygdemål. I 1860-åra var Vinje svært påverka av sunnmøringen Olaus Fjørtoft, som ville la lokale talemålsformer få større plass innom landsmålsnorma. Mellom anna ville Fjørtoft i 1869 ha bundne *a*-former som *mora* og *husa* – og ikkje som Aasen ha formene *moderi* og *husi* – i ei planlagd landsmåls-ABC. At Vinje i *Dølen* frå same tid konsekvent nytta *a*-forma i bundne ho-kjønnsformer i eintal, er nok ikkje tilfeldig. Dei siste åra innsåg Vinje at han nok var mindre «vestlending» enn han hadde vore tidlegare, og sleppte fleire austnorske målformer, midlandsformer, til i skriftspråket sitt. På slutten av livet kunne han omtala seg sjølv som «me austlendiske».

Med Vinje vart det munnlege og levande norske skriftspråket spreidd til ulike domene og litterære sjangrar. Ikkje minst i rolla si som journalist fungerte han som ein språkleg banebrytar. Han var med å gjera det norske skriftspråket til eit allment bruksspråk som var funksjonelt og praktisk, og som folk kunne kjenna seg att i.

Gunnstein Akselberg er professor i norsk språkvitenskap ved Universitetet i Bergen.

Når eit ord er ført opp i denne spalta, tyder det berre at vi har registrert at det er i bruk. Det tyder ikkje at Språkrådet går god for ordet.

Foto: Cornelius Poppe / NTB scanpix



nynorskmoské Den første nynorskmoskéen i landet. Muslimar som går i moskeen i Åmot i Vinje kan no lesa om hovudbodskapen i islam på nynorsk. Det er dei glade for. – Borna lærer nynorsk på skulen og difor er det bra at dei også kan lesa det her i moskeen, seier talsperson ved moskeen Ali Ahmed Dhadhaow til Vest-Telemark Blad.

Dagen 18.4.2018

helsesykepleier Styret i Landsgruppen av helsesøstre i Norsk Sykepleierforbund ønsker at tittelen helsesøster går ut og erstattes med

helsesykepleier. – Det er gledelig at vi nå kan samle oss bak en ny kjønnsnøytral tittel. Helsesøster er en tittel som i liten grad reflekterer fagkompetansen. Det er ikke tydelig at helsesøstre er sykepleiere med spesialutdanning, sier gruppens leder Kristin Sofie Waldum-Grevbo.

NTB 31.5.2018

knivturisme Bjørn Jarle Tvedt er styremedlem i Norsk Forening for Etisk Plastikkirurgi. Han er skeptisk til et forbud og frykter at nordmenn vil reise til utlandet for å la seg operere der, i stedet for i Norge. [...] – Vi har også sett uheldige sider ved den strenge praksisen, blant annet at man ikke får lov til å vise før- og etter-bilder. Vi ser at det har ført til «knivturisme».

nrk.no 28.6.2018

pollenversting Pollenversting kan komme til Norge. Med varmere vintre kommer også nye planter til Norge. Astma- og allergiforbundet mener spesielt planten beiskambrosia vil by på problemer. – Den vil komme gjennom Østfold og opp til Oslo. Derfra vil den spre seg langs kysten. Denne er aggressiv og lei for allergikere, og i USA regnes den som det største problemet for pollenallergikere, sier pollenanalytiker Hallvard Ramfjord.

nrk.no 15.5.2018

smombie Hjelp – mobilzombiene kommer! Tyske ungdommer kaller det for «smombie» – kortform for «smarttelefonzombie». [...] Vi elsker zombier på TV, film og i spill, men har vi alle selv endt opp som mobilzombier? Vi bruker nå mobilen hele tiden. Vi er slaver av den. En smarttelefonbesettelse.

Aftenposten 15.5.2018

I DAG ER DET sjølvsagt at ord og uttrykk frå kvinnedominerte område er med i ordboka. Ei reell likestilling finn vi likevel ikkje i språket. Tradisjonane heng att, og nokon av dei er seig-liva. Her peikar yrkestittlar seg ut. I vår har vi sett at helsesystrene ynskjer å endre tittel til helsesjukepleiar, medan Jordmorforbundet meiner at jordmor er ein kjønnsnøytral tittel. I ordboka har dagens offisielle titlar rådmann, jordmor og helsesøster fått kjønnsnøytrale definisjonar som speglar det vi i dag legg i desse omgrepa. Der det finst ein eller fleire variantar til den tradisjonelle nemninga med -mann, er dei i stor grad tekne med, til dømes politikvinne, talskvinne (i tillegg til talsperson) og varakvinne (i tillegg til vararepresentant).

*ordbokredaktør Helene Urdland Karlsen,
i Dagbladet*

TIL SAMMEN TI NORSKE artister opptrer under årets festival i Roskilde i Danmark. [...] – Tidligere var det mye oppmerksomhet på den elektroniske scenen, etter artister som Kings of Convenience og Røyksopp. Men de siste 3–4 årene har det vært norsk popmusikk publikum vil ha. I Danmark er det også større interesse for hiphop som bruker norsk språk.

*bookingansvarleg Stefan Gejsing,
til NTB*

– STEMME ER DEN FJERNKONTROLLEN du alltid har med deg, og stemmestyring gir mening i hjemmet. Stemmestyring er ikke så viktig ennå, men kan komme til å bli det. Men systemene er ikke i det norske markedet ennå og dermed ikke tilpasset norsk språk. Men de kommer.

*teknologirådgjevar Eirik Solheim,
intervjua i Stavanger Aftenblad*

KVA SLAGS FEIL IRRITERER me oss over? I nokon mon er det individuelt. Me har alle våre kjeppestar. Det kan likevel sjå ut til at dei «vanlege skrivefeila» vert hata mest. Då siktar eg mellom anna til særskriving (*kjempe glad, skrive bord*) og samanblanding av og/å og då/når. Me får ofte høyra at desse tinga er feil, og etter kvart dreg me på oss noko som vert kalla innlært irritasjon: Me vert irriterte over slike feil fordi me har lært at det er rimeleg å irritera seg over slike feil. Det er vanskeleg å sjå at denne irritasjonen har nokon funksjon, bortsett frå at han disiplinere oss språkbrukarar og lærer oss å vurdera kvarandre ut frå måten me skriv på. At eit standardspråk har bruk for skriftnormer, er dei fleste samde om. Men treng me irritasjonen i tillegg?

*forfattar Kristin Fridtun,
i Dag og Tid*

VI TROR AT DET både i offentlig og privat sektor i Norge ligger mange ulike datasamlinger som kan brukes til helt andre teknologiske formål enn det de opprinnelig var samlet inn til. Kommunene kan altså sitte på noe som kan bli gull for norsk språkteknologi – helt uten å være klar over det! [...] Hvis vi skal bevare dialektmangfoldet vårt i framtida, er det viktig at digitale produkter kan forstå norske dialekter. Da trenger vi store mengder digitale dialektdata som kan mates inn i disse produktene. Det er bare vi som kan bestemme om vi skal snakke norsk eller engelsk til kjøleskapet vårt i framtida.

*språkdirektør Åse Wetås,
i Kommunal Rapport*

Har du eit spørsmål, kan du sende ein e-post til sporsmal@sprakradet.no.

Spørsmål: Stadig oftare leser jeg om folk som *lener seg på* alt fra tro, kunnskap og argumenter til Gud og hvermann. Selv lener jeg meg bare på konkrete og solide saker. Hvor kommer den nye uttrykksmåten fra?

Svar: Det har vært brukt sporadisk lenge, men den økende utbredelsen de siste ti-årene skyldes nok engelsk *lean on* (*lean on others*, *lean on advice* osv.).

På norsk heter det tradisjonelt å *støtte seg til* eller på nynorsk å *stø seg til/på* (konkret også *mot*). Et eksempel kan være «å støtte seg til fagfolk». Man kan også *ty* eller *trøste seg til* noe(n) eller *sette sin lit til* det/dem.

Vi har alltid *lent oss* på norsk også, men mest *mot* eller *til* konkrete ting, og da helst for å hvile eller få avlastning, ikke for å få støtte til arbeid eller noe annet aktivt.

Spørsmål: Skal ein skrive ord som *berekraftmål*, *berekraftrapport* og *berekraftindikator* med eller utan binde-s?

Svar: Det er valfritt. Liknande ord som *kjerne*-*ne*kraft-, *varme*kraft- og *tyngde*kraft- har helst ikkje -s- i samansetningar, medan *kjøpe*kraft- vel har mest -s-.

Då omgrepet *berekraft* var ungt, dominerte *berekraftomgrepet* utan -s-. Eit søk i basen nb.no viser at ordet er ei litt uvanleg samansetning.

I det siste har samansetning med -s- spreidd seg mykje, og *berekraftsmål* med -s- har til og med kome inn i enkelte ordbøker. Det er likevel rimeleg å la s-en vere valfri ei god stund ennå.

Spørsmål: Sønnen min prøvde et nytt dataspill og konkluderte med at det var skikkelig *sugent*. Han har også nylig sett en *sugen* film. *Sugent* betyr visst 'dårlig', det vi før kalte «rævva» her i Oslo. Hvordan henger dette sammen?

Svar: Vi har fått et nytt suge-verb i norsk, og det adjektivet du viser til, er så å si avledet av verbet gjennom en logisk kortslutning.

For noen år siden tok ungdom og unge voksne opp en slangbetydning av engelsk *to suck*: 'å være dårlig', og de oversatte det direkte til å *suge*, som ikke gav mening i utgangspunktet. Mye tyder på at opprinnelsen til den nye betydningen av *suck/suge* ligger i oralsex, men dette er neppe noe de fleste tenker på, så man bør ikke ta det for ille opp.

Noe(n) som *suger*, er per definisjon *sugende* (presens partisipp). *Sugen* med -en betyr derimot 'som opplever sug'. Det kunne i prinsippet også vært *perfektum* partisipp og betydd 'sugd' (slik nynorsk *sogen* gjør).

Det finnes riktignok eksempler på at -en fungerer på samme vis som presens partisipp -ende, f.eks. tilbakeholden og måteholden ('som holder måten'). Men dette er ikke et vanlig mønster.

Man kan altså godt mene at *suge* «stinker», og at *sugent* får det til å surkle i grammatikken. Men begge betydningene har sikkert sugd seg godt fast i språket.

Spørsmål: Eg høyrer no støtt at det er mykje vêt der eller der. Er dette rett ordbruk?

Svar: Med visse atterhald: ja. *Vêt* kan tyda både vêt generelt og (vind og) uvêt særskilt (jf. tyding 3 i *Norsk Ordbok* og tyding 2 i *Det Norske Akademis ordbok*).

På reint formelt grunnlag må ein difor seia at ordbruken er korrekt, med teoretisk grunnlag i tradisjonell norsk. Men når ein ser etter i avisbasar og andre tekstkorpus, kan ein få mistanke om at det verkelege grunnlaget er eit anna. Uttrykket *mykje vêt* spreier seg på kostnad av *mykje uvêt* og

skiftande vêt frå midt i 1980-åra. Dei eldste belegga er frå ei norskamerikansk avis (under krigen).

Det er uråd å rå ifrå all bruk av uttrykket. Den nyare varianten høver godt som statistisk omgrep om eit vêtlag med mykje vind og væte og dessutan mange eller bråe skift, gjerne over eit stort område. Men om ein ikkje viser til noko så samansett, kan ein like gjerne seia *uvêt* eller *skiftande vêt*. Fleire som skriv til oss, er irriterte over at det har gått inflasjon i den sjargongprega omtalen av uspesifisert *vêt*, og meiner at ein bør vera meir presis. Det kan vera noko i det.



Om Språkrådet

Språkrådet arbeider for å styrkje det norske språket og språk-mangfaldet i landet. Språkrådet er statens fagorgan i språk-spørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Dette gjer Språkrådet

- Språkrådet samarbeider med offentlege og private aktørar om språkpolitiske tiltak, mellom anna om klarspråk i det offentlege og i næringslivet; fagspråk, terminologi og formidling på norsk; fordeling av nynorsk og bokmål i staten og norskspråk-leg teknologi. Vi arbeider for at språkopplæringa skal byggje på språkpolitikken. Vi fører tilsyn med mållova og gjev råd om stadnamn.
- Språkrådet gjev råd og formidlar kunnskap om språk, språk-bruk og språkarbeid. Rådgevinga på nett, nettordbøker, kurs, seminar og publikasjonar er viktige verktøy i dette arbeidet. Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg. Vi godkjenner norske ordbøker og ordlister til bruk i skulen.
- Språkrådet fremjar norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka kvensk, romani og romanes og samarbeider med språkbrukargruppene. Vi samarbeider med språkinstitusjonar i andre land, mellom anna om å sikre nabospråkforståing i Norden.
- Språkrådet deler ut Språkprisen for framifrå bruk av norsk i sakprosa og andre prisar og stipend. Vi arrangerer den årlege Språkdagen for å setje søkelys på språk og språkbruk i samfunnet.

Hovudmåla for arbeidet til Språkrådet

- Styrkje statusen til norsk språk og bruken på utsette samfunnsområde
- Fremje norsk som eit godt fungerande kultur- og bruksspråk
- Ta vare på det språklege mangfaldet og interessa til språk-brukarane

Direktøren leier sekretariatet i Språkrådet, som mellom anna har tre språkfaglege seksjonar. Styret i Språkrådet er utnemnt av Kulturdepartementet. Språkrådet har tre fagråd med språk-kunne og språkengasjerte personar frå heile samfunnet.

www.spraakradet.no
facebook.com/Spraakradet.NO
twitter.com/spraakradet

Språkrådet

Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50

ANSVARLEG REDAKTØR:
Åse Wetås

KOMMUNIKASJONSSJEF:
Anne Kirkhusmo

REDAKTØR:
Erlend Lønnum
erlend.lonnum@spraakradet.no

JOURNALISTAR:
Astrid Marie Grov
astrid.marie.grov@spraakradet.no

Lars Ivar Nordal
lars.ivar.nordal@spraakradet.no

ABONNEMENT OG
ADRESSEENDRING:
bestilling@spraakradet.no

Signerte artiklar frå
eksterne skribentar står
for forfattaren sitt syn.

Ettertrykk tillate når
kjelda er oppgitt.

OPPLAG: 10 800

Tekstene i dette nummeret
finst òg på Internett:
www.spraakradet.no/spraknytt



Fire nummer i året
Redaksjonen avslutta
24.8.2018

LAYOUT: Beate Syversen
beate@b-7.no
TRYKK: Zoom Grafisk

ISSN 0333-3825

Framsidaillustrasjon:
Foto: Katrine Gade

Baksidaillustrasjon:
Foto: SensorSpot / iStockphoto



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 1573 Vika
0118 OSLO

HISTORIA BAK

Se oss i øynene

Vi kaster et blikk på øyets plass i språket.

AV ERLEND LØNNUM

Vi kan gjøre store øyne når vi ikke tror våre egne øyne. Det gjør vi også når vi har fått øynene opp for beretningen om et av kroppens mange bidrag til faste språkuttrykk. For her er det i våre øyne mye å kaste øynene på.

De som holder øye med noe, passer godt på. De som ser noe i øynene, er godt forberedt. At noe er iøynefallende, vil si at det er påfallende. Det vi ikke kan få øynene fra, kan vi ikke la være å se på. De som har et godt øye til noen, liker den de ser. Vi vet dessuten at både terninger, spillkort og poteter kan ha øyne, og at øyet har gitt ord som kattøye, smørøye og nåløye.

Videre kan vi lukke øynene for noe, altså ignorere det. Vi kan be noen ta til seg øynene, altså vende blikket bort. Vi kan si at noe ikke er mye for øyet, altså lite pent. Vi kan gi noen det onde øyet, altså prøve å skade noen. Og vi kan kaste blå i øynene på noen, altså lure noen.

La oss nå håpe at du kan se oss i øynene og si at du har hatt øynene med deg.

